



Vår dato: 05.12. 23

Forskrift om ferie- og fridagar i skule og barnehage 2024-2025

Grunnskulen

Opplæringslova §2-2 og forskrift til opplæringslova § 1-6 gjev rammer for omfanget av opplæringa og dagleg skuletid. Forskrifta skal vera tilpassa avviklinga av nasjonale prøvar. Opplæringa skal strekkja seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Undervisninga skal i regelen ikkje ta til før kl.08.00 eller slutte etter kl.15.30. Undervisninga kan organiserast i undervisningsblokker av ulik lengd. I tillegg til elevane sine skuledagar kjem ei ramme på 6 planleggingsdagar for pedagogisk personale.

Barnehagen og SFO

Barnehagane og SFO skal setja av 5 dagar til planlegging og samarbeid for personalet.

Vedtak

Vedtak om skule- og barnehagerute er delegert Kommunedirektør.

Datoar for start, slutt og feriar 2024-25:

- SFO start, 11 mnd. Tilbod Torsdag 01.08.24
- Barnehageåret startar Måndag 12.08.24
- Første dag for nye barn i barnehage Onsdag 14.08.24
- Første skuledag Torsdag 15.08.24
- Haustferie skule Veke 41, 07.-11.10.24
- Juleferie skule 23.12.24 - 01.01.25
- Førsteskuledag etter juleferie Torsdag 02.01.25
- Barnehagane og SFO er stengt jul- og nyttårsaftan
- Vinterferie skule Veke 9, 24.02- 28.02.25
- Påskeferie skule 14.4. - 21.4.24
- Påskeferie barnehage 17.4. - 21.4.25
- Onsdag i påskeveka stengjer barnehagane og SFO med 11 månaders tilbod klokka 12.
- Siste skuledag Torsdag 19.06.25

Dagar med elevfri og stengt i barnehagar:

Stengde barnehagar er: 12.august, 13.august, 1.november, 31. januar og 2. mai.

Stengde skular er: 12.-, 13.-, 14. august, 1.november, 31.januar og 2. og 30.mai

Onsdag i påskeveka stengjer barnehagane og SFO med 11 månaders tilbod klokka 12.

NB! SFO er open onsdag 14.august

Planleggingsdagar i barnehage

12.august, 13.august, 1.november, 31. januar og 2. mai vert planleggingsdagar for barnehage. Dagane kan brukast til felles kompetanseheving i barnehagen, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har felles planleggingsdag for barnehagar 31.1.24, der det kan verte tilbydd aktuelle kurs for tilsette frå alle kommunar.

Planleggingsdagar for grunnskule

Alle farga dagar med grøn i vedlagte kalender kan nyttast til planlegging for personalet i skule. Skulane avgjer sjølv, etter lokale drøftingar, plassering av planleggingsdagane for pedagogisk personale i SFO og skule. Skulen er ansvarleg for informasjon om dette til elevar og foreldre. Dagane kan brukast til felles kompetanseheving på skulen, i kommunen og i regionen. Kommunane i Nordhordland Kompetanseregion har felles planleggingsdag for skulane den 1.november, der det kan verte tilbydd aktuelle kurs for tilsette frå alle kommunar.

Flytting av elevfrie dagar

Om ein skule ønskjer å flytta på ein eller fleire av dei felles elevfrie dagane, føreset det drøfting i dei lokale rådsorgana. Skulen må sjølv ta kostnadane og organisering av skuleskyss. Skulen søkjer kommunedirektør om endring. Frist for søknad om flytting av elevfrie dagar: 1.juni 2024

Undervisning/aktivitet på kveldstid

Skulen skal til vanleg ikkje ha obligatorisk undervisning/aktivitet på kveldstid jf. Forskrift til Opplæringslova §1-6. Kommunedirektøren presiserer at flyttinga av undervisningstid må vera grunngjeven i skulen sine planar. Krav til innhald og læringsmål frå læreplanen må vera tydeleg. Det må også vera krav om oppmøte, og skyss må vera organisert. Flytting av undervisningstid innafor ramma av ein skuledag eller enkelttimar kan avgjerast lokalt av rektor i samråd med dei lokale rådsorgana. Praktisk gjennomføring av eksamensavvikling for 10. trinn må takast opp og avklarast i samråd med rådsorgan på kvar skule.

Siste dag før jul og sommar

Siste skuledag før sommar og jul vert sett på som ein vanleg skuledag der skulane følger ordinær skyss.